



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Vatn og avløp

MESTA AS DK1101 Dalane / DK4602 Hardanger  
Postboks 253


1326 LYSAKER

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
<b>Christina Nyland Jacobsen</b>	<b>467 46 205</b>	<b>2025/13-165</b>		<b>16.09.2025</b>

## Svar på gravemelding - Påvising av leidningar - 133/26

<b>Ønska oppstart:</b>	<b>Venta avslutta:</b>	<b>Type aktivitet:</b>
22.09.2025	27.10.2025	Skadd stikkrenne skal graves fram og repareres

Kart som viser aktivitetsområdet:



Eg viser til melding frå dykkar tilsette Vidar Fosheim om graveaktivitet.

I området det vert vist til har Kvinnherad kommune registrert private vassleidningar tilhøyrande det private vassverket Uskedalen vassverk. Sjå vedlagte kartutsnitt. **De må sjølv kontakta Uskedalen vassverk for påvising av vassleidninga.**

Vil også gjera merksam på at det kan vera private vass-, spillvass- og overvassleidningar i området som ikkje er registrert hos oss. Skulle dette gravearbeidet avdekka vass-, overvass- eller spillvassleidningar ynskjer me at de kontaktar oss slik at desse vert registrert.

Gjeld gravearbeidet etablering av nye konstruksjonar gjeld VA-norm for Kvinnherad kommune kapittel 4.4: Leidningar skal ikkje liggja nærare hus eller andre konstruksjonar enn 4 mtr. Dersom dette likevel er naudsynt, skal beskriving med teikningar og utrekningar vere godkjent av VA ansvarleg i kommunen før arbeidet vert iverksatt/starta opp. Søknad om dispensasjon frå VA-norma må sendast inn til oss. Ved etablering av nye kablar skal det vera ein minimums avstand på 1 mtr til offentlege leidningar.

**Dersom det skal gravast i kommunal veg/grunn for framføring av kablar og leidningar, må det søkjast særskilt om graveløyve.** Søknadsskjema for dette finn du på Kvinnherad kommune sine heimesider.

Med helsing  
KVINNHERAD KOMMUNE

Christina Nyland Jacobsen  
*Ingeniør*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Kopi til:  
USKEDAL VASSVERK SA

c/o Klara Bakke Skorane 37